



Arne Støle  
Fjellveien 58  
5019 BERGEN

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 17/374 - 17/5371

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
17.02.2017

## Avvist søknad - gbnr 123/43 Risa

### Administrativt vedtak. Saknr: 072/17

**Tiltakshavar:** Arne Støle og Øyvind Hauge Støle  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (tbl.)  
    §§ 20-1, 20-3

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av tilbygg, oppgitt til 35,5 m<sup>2</sup> bygd areal, til fritidsbustad på gbnr 123/43. Tiltaket omfattar søknad om dispensasjon frå arealføremålet og byggjeforbodet i strandsona.

Det vert vist til søknad mottatt 01.02.2017.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i område som er omfatta av kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden. Arealet er i planen avsett til LNF-føremål. Tiltaket er plassert innanfor 100-meters beltet langs sjø og vert omfatta av byggjeforbodet i plan- og bygningslova § 1-8.

Det er i søknaden oppgitt feil planstatus. Gjeldande plan finn ein på braplan (digitalt planregister): <http://braplan.geoweb.no/braplan/>.

#### VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Omsøkt tiltak, slik det framgår av innsend dokumentasjon, vert vurdert til å vera eit søknadspliktig tiltak med krav om bruk av ansvarlege føretak, jf plan- og bygningslova (Pbl) § 20-3. I tillegg til omsøkt tilbygg omfattar tiltaket endringar på eksisterande bygg som vert vurdert som til å vera ei hovudombygging av eksisterande bygg. Dette gjeld høgde på bygget, takkonstruksjon, planløysing og uttrykksform . Tiltaket fell ikkje inn under bestemmelsane for søknadspliktige tiltak som tiltakshavar kan stå for, jf pbl § 20-4.



Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming, jf plan- og bygningslova § 21-2 og sakshandsamingsforskrift, SAK 10, § 5-4.

Ny søknad i samsvar med pbl §§ 20-1 og 20-3, vert å senda inn.

## VEDTAK

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om om tilbygg til fritidsbustad avvist. Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.**

**Når søknaden er avvist vert byggjesaka avslutta. Ny fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon må sendast inn om saka skal verta tatt opp til handsaming.**

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/374**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Arne Støle  
Øivind Hauge Støle

Fjellveien 58  
Dyrhaugen 2 A

5019  
5236

BERGEN  
RÅDAL